



Direktoratet for mineralforvaltning

med Bergmesteren for Svalbard

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 16.05.2023
Vår ref: 21/05502-19
Deres ref:

Høyring av søknad om driftskonsesjon for Fossdal pukkverk i Åseral kommune. Søkjar: Fossdal pukkverk AS

POST- OG BESØKSADRESSE
Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON +47 73 90 46 00
E-POST post@dirmin.no
WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883
SWIFT DNBNOKK
IBAN NO5376940505883
ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR
TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) har motteke søknad om driftskonsesjon etter minerallova § 43. Ein driftskonsesjon fastset blant anna korleis mineralførekomsten skal takast ut, korleis uttaksområdet skal sikrast under og etter enda drift, og andre forhold som må takast hand om under drifta. Driftsplanen for uttaket er ein del av høyringsdokumenta.

For at søknaden skal bli så godt opplyst som mogleg, sender vi saka på høyring, jf. forvaltningslova § 17. Heile eller delar av høyringsfråsegna kan bli refererte i vedtaket om driftskonsesjon.

Vi presiserer at det er kommunen som bestemmer arealbruken i medhald av plan- og bygningslova. Fråsegner knytte til dei arealdisponeringane kommunen har vedteke, legg vi derfor ikkje vekt på i vurderinga vår.

Høyringsfrist: 19. juni 2023

Høyringsdokumenta er tilgjengeleg på <https://dirmin.no> under «saker til høring».

Samandrag av søknaden

DMF har motteke søknad om driftskonsesjon frå Fossdal pukkverk AS for uttak på gbnr. 32/6 i Åseral kommune. Det søkte konsesjonsområdet er på 41 daa. Innanfor dette området skal det berre tas ut massar i vest, dette området er omtrent 22 daa og kan sjåast i kart i høyringsvedlegget.

Det er anslege eit årleg uttak av fast fjell på om lag 25 000 m³ og eit samla uttak på 250 000 m³.

Delar av området er avsett til råstoffutvinning i kommuneplanen. Kommunen har gjeve dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for utviding av massetaket, denne er gjeve med fleire vilkår.

Kva vurderer DMF i samband med søknaden?

DMF vurderer søknadene etter skjønn før vi eventuelt tildeler driftskonsesjon. I vurderinga legg vi vekt på om søkeren er «skikka» til å utvinne førekomensten. Det vil



seie om prosjektet synest økonomisk gjennomførleg, om søkeren har god nok kompetanse, og om det er lagt opp til bergfagleg forsvarleg drift av førekomsten.

Vi vurderer øg

- kva tiltaket betyr for verdiskaping og næringsutvikling
- korleis tiltaket påverkar naturgrunnlaget for samisk kultur, næringsliv og samfunnsliv
- korleis tiltaket påverkar omgivnadene og nærliggjande område under drifta
- kva miljømessige konsekvensar tiltaket får
- kva planar som ligg føre for etterbruk eller tilbakeføring av området

Forventingar til høyningsfråsegnene

DMF oppfordrar om at høyningsfråsega inneheld grunngjevne synspunkt på om driftskonsesjon skal tildelast eller ikkje med bakgrunn i dei forhold som DMF skal vurdere. Om det er forhold som ikkje er tilstrekkeleg opplyst i søknaden, ber vi om informasjon om det.

I samband med behandling av søknaden har vi gjennomført søk i relevante natur- og miljødatabasar, der vi har fått følgande treff:

- Søk i Artsdatabankens kartlag viser treff på den framande arten Sandskrinneblom – potensiell risiko (PH) like ved det føreslegne konsesjonsområde, sjå høyningsvedlegg side 16.
- Søk i Naturbase kart og sensitive artar maskert viser treff på fiskeørn, hubro og kongeørn i uttaksområdet, sjå høyningsvedlegg side 17 – 19. Søk i Naturbase kart viser også at Mandalselva - Øre til Håverstad bekkefelt ligger vest og sør for uttaket. Sjå høyningsvedlegg side 20.
- Frå søk i NVE sin database er det gjort funn som viser at området ligg i utløpsområdet for steinsprang, utløysings- og utløpsområde for snøskred samt potensielt jord og flomskredfare, sjå høyningsvedlegg side 21 – 23. Søk i NVE sitt brattheitskart visar brattheita rundt uttaket, dette er vist i høyningsvedlegg side 24.
- Søk i NGU sitt aktsemdkart for radon viser at området er registrert med moderat til lav aktsemgrad, sjå høyningsvedlegg side 25.

Vi ber særleg kommunen, statsforvaltaren og fylkeskommunen opplyse om tiltaket påverkar miljøet, mellom anna naturmangfold, kulturminne og inneber forureining. Vidare ber vi om instansane si vurdering av eventuelle konsekvensar og konkrete forslag til avbøtande tiltak og vilkår.

Vi ber kommunen om å informere oss snarast dersom partar som saka vedkjem i særleg grad, ikkje står på adresselista for denne høyringa.

Høyningsfråsegnene skal sendast til e-post: post@dirmin.no eller med ordinær post: Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard, Ladebekken 50, 7066 Trondheim.



Venleg helsing

Cathrine Winje
rådgjevar

Marte Fostad Opheim
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke handskrivne signaturar.
Saksbehandlar: Marte Fostad Opheim

Vedlegg:
Høyringsvedlegg

Mottakere:

| | | |
|--------------------------------------------------|------------------------|---------------------|
| Norges vassdrags- og energidirektorat Region sør | Postboks 2124 | 3103 TØNSBERG |
| Åseral kommune | Gardsvegen 68 | 4540 ÅSERAL |
| Mattilsynet | Postboks 383 | 2381 BRUMUNDAL |
| Statsforvalteren i Agder | Postboks 504 | 4804 ARENDAL |
| Agder Energi AS | Postboks 603 Luntsiden | 4606 KRISTIANSAND S |
| Statens vegvesen | Postboks 1010 Nordre Å | 2605 LILLEHAMMER |
| Agder fylkeskommune | Postboks 788 Stoa | 4809 ARENDAL |
| DSA Direktoratet for strålevern og atomsikkerhet | DSA Postboks 329 | 0213 Oslo |

Kopi til:

| | | |
|------------------------------------------|-------------------------------------------|-------------|
| Fossdal Pukkverk v/ Vasland Maskin AS | v/Leif Roger Vasland, Solfjellveien 22 | 4529 BYREMO |
|------------------------------------------|-------------------------------------------|-------------|